

Referat frå turen med Lop 22. 24. august

I alt 32 pensjonistar var om bord på bussen frå Per Gynt tours til Trøndelag og Nord-Møre med Terje Gustu som stødig sjåfør og Birgit Dyrseth som energisk og grundig turleiar. Etter ei kaffepause på Oppdalsporten var fyrste hovudstopp Orkla industrimuseum der vi særleg kunne studere den 333 år lange bergverksdrifta på Løkken verk. Etterpå var det lunsj i Orkla gjestebolig, ein storfelt og staseleg bygning med mykje original kunst.



Ein dyktig guide viste oss rundt i gammelgruva og kunne fortelja at gruveeventyret med utvinning av koparkis vara frå 1654 til 1987. Vi fekk orientering om mellom anna ulike driftsteknikkar og utstyr som vart brukt og varierende arbeidsforhold i gruva.



Det heile var overveldande både med omsyn til storleik og fargespel i bergveggen. Faktisk er den djupaste sjakta nesten 1000 m ned i berget. I dag blir delar av gruva brukt til å destruere gammal Nato-ammunisjon.

Langs Trondheimsfjorden fekk vi grundig orientering av lokalkjende Tordis Skei Dahl og Berit Tangvik. Været var så absolutt på vår side, så vi kunne berre nyte turen.



Etter ein kort ferjetur over til Brekstad på Fosen kunne vi ta inn på Ørlandet kysthotell, der vi skulle ha to overnattingar. Ei overrasking var ein liten konsert av dyktige Ørlandet mannskor før middag.



Dagen etter kjørte vi rundt på Ørlandet og hørde Tordis med glød og iver fortelja mellom anna om korleis området har endra karakter etter det vart bygd både sivil og militær flyplass. Ein stadig dur frå F 35- jagerfly illustrerte dette skiftet. Mykje godt jordbruksland gjekk med til bygging av flyplassane. Landbruket var dominerande her før, men nå er det Ørlandet Flystasjon som er største arbeidsplassen.

Eit høgdepunkt var besøket på Austrått-borga der ein svært dyktig guide fortalde. Staden har vore sentral i norsk historie alt frå 1000-talet, men det var særleg Kanslar Ove Bjelke som stod for bygginga i 1656. Her var det mykje både å sjå og høyre. Eit mektig barokktårn, vakre borggardar og riddarsalen med utskorne eikedører og marmorkamin. I 1916 vart borga råka av lynet og brann ned og var ikkje ferdig restaurert før i 1961. Ein del av interiøret vart heldigvis berga.



Etterpå gjekk turen til Austrått fort, eit enormt anlegg i tre etasjar med trippelkanoner, maskinrom og bustaddel. Anlegget vart oppført av tyskarane under andre verdskrig med bruk av ei mengd fangar. Trippelkanonen kjem eigentleg frå eit tysk krigsskip, det bakre tårnet på Gneisenau.



Etter lunsj og pause på hotellet bar det i veg med busstur på bortimot halvannan time til Stadsbygd. Her var det først ein framifrå middag og deretter utandørsteateret *Den siste viking* av Johan Bojer. Mektige tablå med levande og dels dramatiske scener og fine sanginnslag. Ei imponerande forestilling med mange



skodespelarar i ulik alder. Været var på vår side, men siste halvtimen vart det litt regn,

Torsdag den 24. var det heimtur. Frå Orkanger kjørte vi E 39 mot Nord Møre, og hadde fyrste pause på Valsøytunet. Ein retteleg fin stad med gamalt og nytt i harmoni i ein restaurert hovudbygning og fleire feriehus. Her åt vi ei kraftig og god fiskesuppe før vi fekk omvising. Turleiar Birgit var skikkeleg på heimebane da heimegarden hennar var berre nokre steinkast unna. Broren Lars hadde au møtt fram, og dei hadde mykje å fortelja om Valsøya. På andre sia av fjorden var det ein ny stopp for å sjå Otnes, ein gamal tettstad, og besøkje Anne Karin Elstad-musemet, plassert i skulehuset til Birgit,



Turen vidare gjekk om Surnadal og Sunndal via Oppdal. Ein fin tur med mange opplevingar skapte ei lett og glad stemning på bussen. Dette kom ikkje minst til uttrykk i at mange varta opp med gode historier.

Sjeldan opplever vi ei utflukt så full av opplysningar og opplevingar

Referat Anne og Ola Grøslund